



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Nils Skaar
Grovabrotet 7
5600 NORHEIMSUND

Dykkar ref

Vår ref
16/789-

Dato
9.9.2016

Skåro kraftverk i Kvam herad i Hordaland - klagesak

Nils Frode Skaar klagar i brev av 10.8.2015 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 3.7.2015 på søknad om løyve til bygging av Skåro kraftverk.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 4.9.2015.

1. Bakgrunn

Grunneigarar v/Nils Frode Skaar søkte 10.3.2014 om løyve til bygging av Skåro kraftverk.

Skåro kraftverk vil nytte eit fall på 350 m i Skåroelva, mellom inntak på kote 355 og kraftstasjon på kote 5. Det er planlagt å overføre to mindre bekkar. Kraftverket vil ha ei slukeevne på 1275 l/s, som svarar til 250 % av middelvassføringa, og installert effekt på 3,4 MW. I Skåroelva er det føreslått slepp av minstevassføring på 40 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 15 l/s resten av året. For sidebekkane er det føreslått slepp av minstevassføring på 4 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 1 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 9 GWh.

Søknaden er kunngjort og sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar. **Kvam herad** går inn for at det blir gitt løyve. **Fylkesmannen i Hordaland** (FM) har fremja motsegn til søknaden. FM syner til samla belastning på fjordlandskapet og natur- og friluftsverdiar. **Hordaland fylkeskommune** (FK) tilrår at det blir gitt løyve. **Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland, Bergen og Hordaland Turlag og Naturvernforbundet i Hordaland og Naturvernforbundet i Kvam** meiner at det av omsyn til landskap, naturverdiar og friluftsinteresser ikkje bør bli gitt løyve.

NVE handsama Skåro kraftverk saman med ti andre søknader om små vasskraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger kommunar. NVE avsla åtte av småkraftverka, av desse er det klaga på Skåro kraftverk, Kastdalselvi kraftverk og Risbruelva kraftverk.

2. NVE sine vurderingar

I KSK-notat 64/2015 er NVE sine vurderingar summert slik:

"...

I vedtaket har NVE lagt vekt på at en utbygging av Skåro kraftverk vil gi inngrep i et viktig friluftsområde med urørt preg og i et fjordlandskap av stor verdi. Etter NVEs syn er dermed en utbygging av Skåro kraftverk i strid med retningslinjene som er gitt av Olje- og energidepartementet. Etter NVEs vurdering vil ikkje de positive sidene ved en utbygging i form av omtrent 9 GWh/år i fornybar energi overstige ulempene for landskap og friluftsliv."

3. Klagen

Nils Frode Skaar klagar i brev av 10.8.2015 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 3.7.2015 på søknad om løyve til bygging av Skåro kraftverk. Klagar er ueinig i NVE si vurdering av området sin urørtheit og konsekvensane utbygginga av vasskraftverket vil ha for landskapsverdiar og friluftsinnteresser. Klagar meiner at fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene.

4. Departementet sine merknadar

Løyve til Skåro kraftverk kan bli gitt om *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane som er naudsynte for å grunnge avgjerda.

Fykkesund er ein av seks stadar som er kartlagt som urørt fjordlandskap i *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland*. Vidare er området i fylkesdelplanen verdisatt som svært viktig for friluftsliv. Fylkesmannen i Hordaland og fleire interesseorganisasjonar er imot Skåro kraftverk pga. negative konsekvensar for landskap, friluftsliv m.m.

NVE meiner at Fykkesund er eit svært viktig friluftsområde som har landskapskvalitetar som er sjeldne i regionen og i landet. Etter NVE sitt syn har området eit urørt preg. Kraftlina Sima-Samnanger går i fjordspenn så høgt over sundet at den etter NVE sitt syn ikkje reduserer følelsen av urørtheit ved ferdsel på fjorden. NVE meiner at utbygginga vil gi store og svært synlege inngrep i fjordlandskapet som følgje av etablering av spesielt røyrgate og kraftstasjon. Etter NVE si vurdering er det ikkje mogleg å gjere avbøtande tiltak som gjer at opplevingsverdien av fjordlandskapet ikkje blir vesentleg redusert.

Biologiske verdiar i influensområdet er undersøkt av Aurland Naturverkstad AS, som har utarbeida søknaden sin miljørapport, og i samband med eit forskings- og utgreiingsprosjekt (FOU-prosjekt) med undersøkingar av flora og naturtypar i elver med planlagde småkraftverk. Det er registrert fleire verdifulle naturtypar og artar på Rødlista i influensområdet. NVE vurderer at det er mogleg å unngå direkte inngrep i dei mest verdifulle naturtypene, men vurderer at utbygginga vil ha negative konsekvensar for den vassdragstilknytta lavarten

kystfloke, som har status som *nær truet* (NT) i Rødlista 2015. NVE vurderer at Skåro kraftverk vil ha middels negativ konsekvens for naturmangfald.

Området har høge verdier for friluftsliv og landskap. Departementet meiner det er klart at ulempene for fjordlandskap, friluftsinnteresser m.m. er større enn bidraget til ny fornybar energi og andre fordelar ved ei utbygging. For ei nærare drøfting av fordelane og ulempene ved ei utbygging, syner departementet til NVE sitt KSK-notat nr: 64/2015. Departementet finn ikkje grunnlag for å gå mot NVE sin vurdering om å avslå Skåro kraftverk.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Skåro kraftverk er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilåret for løyve er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klagen frå Nils Frode Skaar blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 3.7.2015 om å avslå Skåro kraftverk blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar.

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Kvam kommune
Fylkesmannen i Hordaland